



# Årsand

**Under eit sørvendt, bratt berg på ÅRSAND, finst eitt av dei merkelegaste forminna i heile Hordaland. Den utoverbengande bergveggen formar ein grunn heller – GEITHIDLEREN. Delar av hellerveggen er dekt av ei lys kalkskorpe, og på kalken er det måla figurar med gylne og rustraude fargar.**



Bergmåling under Geithidleren – eit kostesamt klenodium.



200 Turistar ved Bondhusbreen i 1908.

## SUNNDAL OG BONDHUSBREEN

«Folgefonna, hun er nu så fin, -  
ligger som en jomfru i skære lin.»

HENRIK IBSEN, «PEER GYNT».

Ferdsla over Folgefonna, Noregs tredje største isbre, batt saman bygdene i Mauranger og Odda i tidlegare hundreår. Men frå midten av førre hundreåret vart fonna for alvor ein attraksjon, særleg for tyskarar og engelskmenn.

Turismen vart ei god attåtning for bønder i Mauranger og i Buerdalen i Odda. Turistane steig i land frå cruiseskipa i Maurangerfjorden og vart frakta på hesteryggen opp til brekanten. Hestane vart spente for sledar, så bar det i kanefart over fonna til Odda, der cruiseskipa låg og venta.

I Sunndal vart det bygt hotell i 1889. Her var det òg krambu, postopneri og rutebåtekspedisjon. Ridevegen opp til Bondhusvatnet vart bygd i 1890, og det vart sett opp ei kvilehytte, Breidablikk, ved brekanten. Vegen frå Bondhusdalen til Breidablikk vart kalla «Keisarstigen». Denne er framleis trygg heilt fram til Fonnabu og byr på storslegne naturopplevingar, med utsyn over Bondhusbreen, eitt av Noregs vakraste brefall.

Eit strålekransa solbilete dominerer, komposisjonen i bergmålinga på Årsand, med sentral plassering på berget. Her er hjulkrossar, sirkclar, trekantar, firkantar, krossar og punkt, men òg mønster som ikkje lenger gjev mening.

Vi ser fleire sterkt stiliserte menneskefigurar. Ein liten mannsfigur tykkjest ha strålekransa kring hovudet. Nokre stader synest menneskefigurane vera framstilte parvis.

Somme av motiva kjenner vi att frå bronsealderens bergkunst, og dei fleste fagfolk som har granska bergmålinga på Årsand, meiner ho bør daterast til denne tidbolken.

Spør ein om meininga med figurane, vert ein svar skuldig. Mykje talar for at helleren ein gong i tida, kanskje for 3000 år sidan, har vore ein heilagdom for gudsdyrking, tilbeding og kulthandlingar. Dei merkelege figurane må ha hatt sin plass i ein kult der sol og grøderikdom har vore sentrale element. □



Kiste frå Mauranger, måla i 1807 av Ølvemålaren.

